



## **VEDTEKTER**

### **FOR NISSEDAL KOMMUNALE NÆRINGSFOND**

Vedteke av Nissedal kommunestyre den 12.11.1992, sak nr. 069/92  
Justert av Nissedal kommunestyre den 22.09.1994, sak nr. 044/94  
Justert av Nissedal kommunestyre den 22.02.1996, sak nr. 015/96  
Revidert av Nissedal kommunestyre den 10.12.2015, sak nr. 101/15  
Revidert av Nissedal kommunestyre den 24.11.2016, sak nr. 91/16

#### **§1. KAPITAL.**

Fondet vert tilført midlar frå avkastninga av Kraftfondet kvart år. Dersom kommunen får eit overskot ut over eige forbruk skal dette disponeras ut frå "Felles vedtekter i Vest-Telemark for dei kommunale næringsfonda" som vedteke i kommunestyresak 32/16.

#### **§2. FØREMÅL.**

##### **§2.1. Hovudføremål:**

Fondet skal nyttast til å fremje etablering av ny næringsverksemd og til næringsformål, som for eksempel bedriftsstøtte, tilrettelegging for næringsutvikling i regi av kommunen, stadsutvikling (medrekna mellom anna profileringsarbeid og marknadsføring av kommunen, samt drift av turistinformasjonen), ulike typar utviklingsarbeid og til vidareutvikling av eksisterande verksemder. I størst mogleg grad skal søknader om støtte frå fondet vurderast individuelt.

Fondet skal nyttast i samsvar med dei mål, strategiar og tiltak som ligg i gjeldande "Strategisk næringsplan for Nissedal kommune".

##### **§2.2. Føremålsavgrensing:**

- a. Det kan ikkje gjevast stønad til avdrag og renter på lån, gjeldssanering, driftstilskot til verksemder eller til ordinære kommunale oppgåver.
- b. Fondet skal ikkje nyttast til garantiar.  
Dersom det teiknast kommunale aksjar, kan ikkje dette utgjere meir enn 30% av aksjekapitalen i verksemda. Denne avgrensinga gjeld ikkje utviklingsselskap, utleigebygg og liknande som kommunen etablerer i samarbeid med private interesser.

- c. Eventuelle andre lån og tilskot til prosjektet skal normalt vere klarlagt før eventuell søknad vert lagt fram for fondsstyret.
- d. Bruken av fondet må vere i samsvar med dei internasjonale regelverk Noreg har slutta seg til på statstønadsområde.

### **§ 3. FORVALTNING.**

#### **§3.1. Fondsstyre:**

Formannskapet er fondsstyre for fondet.  
Fondsstyret kan delegere si avgjerdsmynde i kurante saker innanfor nærare gjevne fullmaktsgrenser.

#### **§3.2. Saksførebuing:**

Rådmannen førebur og tilrår i alle saker når det gjeld bruk av fondet.

#### **§3.3. Fondsplassering:**

Renter og avdrag skal tilførast fondet.

### **§4. STØNADSDFORMER**

Stønad kan gjevas som tilskot og lån, medrekna ansvarlege lån og lån på vilkår.

### **§5. STØTTEVILKÅR - BEDRIFTSRETTA.**

#### **§5.1. Stønadsgrenser:**

- a. Samla stønad frå næringsfondet skal som hovudregel ikkje overstiga 50% av prosjektet sin kapitaltrøng.
- b. Det kan gjevast inntil 75% støtte til nyetableringar.
- c. Maksimal stønad må liggje innanfor ei maksimumsgrense på kr. 400.000,-(50.000 ECU) til eit og same føremål i ein og same verksemd i ein treårsperiode.  
Verksemdar som mottok søknad plikter å opplyse om at stønad er mottoke frå næringsfondet ved søknad om eventuelle ytterlegare stønad frå offentlege midlar innan utløpet av treårsperioden (det synast til EØS-avtala sitt regelverk for offentlig stønad, reglane for bagatellmessig stønad (dei minimis)).

#### **§5.2. Lånevilkår:**

- a. Renta skal vere den til ei kvar tid gjeldande innskotsrenta for fondet.
- b. Avdragstida kan maksimalt setjast til 20 år for bygningar, og maksimalt 10 år for maskiner/utstyr.
- c. Lån blir normalt gjeven som gjeldsbrevlån utan pantesikkerhet.

### **§6 STØTTEVILKÅR –INFRASTRUKTUR/ PROFILERING/ KULTUR/ ARRANGEMENT.**

### **§6.1 Stønadsgrenser:**

- a. Samla stønad frå næringsfondet skal som hovudregel ikkje overstiga 50% av private prosjekt/arrangement sin kapitaltrøng.
- b. Maksimal stønad må liggje innanfor ei maksimumsgrense på kr. 400.000,- (50.000 ECU) til eit og same føremål i ein og same verksemd i ein treårsperiode.

Verksemder som mottek søknad plikter å opplyse om at stønad er motteke frå næringsfondet ved søknad om eventuelle ytterlegare stønad frå offentlege midlar innan utløpet av treårsperioden (det synast til EØS-avtala sitt regelverk for offentleg stønad, reglane for bagatellmessig stønad (dei minimis)).

- c. Utbetalingar under denne paragrafen er ei eingongsstøtte utan rett til å klage.

## **§7. UTBETALING OG VILKÅR.**

### **§7.1. Utbetalingstidspunkt:**

Hovudregelen er at innvilga lån og tilskot vert betalt ut mot dokumenterte utgifter eller regnskap godkjent av regnskapsfører/revisor. Rådmannen kan fråvike den regelen.

### **§7.2. Forelding:**

Dersom krav om utbetaling av lån/tilskot ikkje har kome innan 2 år etter at tilsagn er gjeve, fell tilsagnet bort og midlane vert attendeført til fondet. Fondsstyret kan forlenge fristen etter søknad.

### **§7.3. Krav om tilbakebetaling:**

Mottakar skal tilbakebetale heile eller delar av stønadssummen dersom stønaden vert nytta i strid med føresetnadene eller dersom:

- a. Verksemda som har fått tilskot opphøyrer eller flyttar ut av kommunen innan 3 år etter at tilsagnet er gjeve.
- b. Driftsmidlar som har fått stønad vert avhenda innan 3 år etter at tilsagnet er gjeve.

## **§ 8. FONDSREGNSKAP.**

Det skal leggjast fram regneskap som syner avkastning og disponeringar som note til kommuneregnskapet.

## **§9. GODKJENNING AV VEDTEKTER.**

Vedtektene kan endrast etter vedtak i kommunestyret.

Vedtektene treng godkjenning av fylkesmannen.

Kopi av godkjende vedtekter skal sendast til fylkeskommunen.

Kommunen kan påklage fylkesmannen si avgjerd til Kommunaldepartementet.